



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	07.09.2009	120/09	KNST
Giske kommunestyre	22.09.2009	060/09	KNST

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Henrik Wang	K1-, K2-P22	08/138- 5

### OVERFØRING AV IKKJE NÆRINGSAKTIVE FISKERIHAMNER FRÅ STAT TIL KOMMUNE/ HAMNEVESEN

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.07.2009	SKJONG FISKERIHAMN - GISKE KOMMUNE - MØRE OG ROMSDAL FYLKE - KOPI AV BREV	112712

#### Saksutgreiing:

Kystverket førebur no arbeidet med å overføre om lag 1200 fiskerihamner i Noreg til kommunane desse ligg i. Dette fordi desse hamnene ofte er gått over frå å vere fiskerihamner til småbåthamner utanfor ansvarsområdet til Kystverket. Arbeidet er svært omfattande og inneber m.a. avklaring av kompliserte eigarskap og rettar.

Kystverket Midt-Norge har no varsla at dei gjennomgår alle fiskerihamner i regionen for å avhende ikkje-næringsaktive fiskerihamner. I Giske er det 13 fiskerihamner som dei vurderer å avhende. Kystverket varslar at dei set Giske høgt på prioriteringslista for gjennomføring. Dei ber også småbåtforeiningar i kommunen om å vende seg til kommunen for å få ei samla oversikt over dei som er interesserte i å overta hamnene. Dette kan vere både småbåtforeiningane sjølv, andre private interesser eller kommunen. Småbåtforeiningane for Skjong, Gisgegerde og Giskeødegård har meldt si interesse for å overta "sine" hamner.

Ålesundsregionens Hamnevesen har gjennom Hamneforbundet fått utarbeidd ein rettleiarsom kan nyttast ved kommunal overtaking av statlege fiskerihamner. Hamnevesenet ber også kommunane i distriktet om å sende over saker om overtaking av konkrete hamner til uttale før avgjerd vert fatta.



# GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

## **Vurdering:**

Når temaet om overføring av hamneansvar frå stat til kommune har kome opp i uformelle samtalar med Kystverket tidlegare, har innspela frå Giske kommune blant anna vore at det bør vere ein felles, nasjonal mal for slik overtaking. Dette for å sikre at kommunane ikkje sit att med det økonomiske ansvaret ved naturkatastrofar som øydelegg hamne- og moloanlegg med nærliggande busetting eller bygningar. Det må og utarbeidast status- eller tilstandsrapportar for hamneanlegga. Anlegga bør setjast i stand før eventuell overtaking, og det bør setjast av statlege midlar for naudsynt framtidig vedlikehald. Desse momenta har vi til no ikkje fått nokon avklaring på.

Ettersom Kystverket no varslar at dei snart vil setje i gang arbeidet med Giske kommune sine hamner, bør kommunestyret vurdere om det er aktuelt for Giske kommune å inngå forhandlingar om overtaking av alle eller enkeltvise hamner i kommunen.

Dei faktiske forhandlingane om rammene for overtaking kan skje gjennom ei eiga forhandlingsgruppe med formannskapet som styringsgruppe. Forhandlingsgruppa kan ha representantar frå formannskap og teknisk komite med oppgåve å forhandle om vilkår for eventuell kommunal overtaking av lokale fiskerihamner i Giske.

## **Rådmannen sine merknader:**

-

## **INNSTILLING:**

Giske kommunestyre opprettar ei eiga forhandlingsgruppe med mandat til å forhandle om vilkår for eventuell framtidig kommunal overtaking av statlege fiskerihamner i Giske. Formannskapet vert styringsgruppe. Utkast til avtale om overtaking av konkrete hamner skal leggjast fram for Hamnevesenet til uttale før godkjenning av kommunestyret.

Forhandlingsgruppa skal bestå av følgjande representantar:

2 frå formannskapet: \_\_\_\_\_

1 frå teknisk komite: \_\_\_\_\_

Teknisk eining stiller med sekretær.

## **07.09.2009 GISKE FORMANNSKAP**

### **F-120/09 TILRÅDINGA:**

Innstillinga vart samrøystes tilrådd med endring av siste setning til:  
Rådmannen stiller med sekretær.

Medlemmer til forhandlingsgruppa:

Frå formannskapet: Knut Støbakk og Britt Giske Andersen

Frå tekniske komite: Lars Petter Valderhaug



**GISKE KOMMUNE**  
6050 VALDERØYA

**22.09.2009 GISKE KOMMUNESTYRE**

**K-060/09 VEDTAK:**

Tilrådinga vart samrøystes godkjend.

<b>Utskrift til:</b>			
Kystverket Midt-Norge	Serviceboks 2	6025	ÅLESUND